

Informasjon til deg som har fått påvist bakteriar med ESBL eller CPO

Du får dette skrivet fordi du har fått påvist bakteriar med ESBL eller CPO i ei prøve teke i helsetenesta. Her får du meir informasjon om kva dette er, og kva det har å seie for deg.

Kva er bakteriar med ESBL og CPO?

ESBL er eigenskapar som gjer bakteriar motstandsdyktige mot ulike typar antibiotika. CPO er bakteriar som er motstandsdyktige mot endå fleire typar antibiotika enn bakteriar med ESBL. Hos menneske finst bakteriar med ESBL og CPO som oftast i tarmen. Om du har bakteriar med ESBL eller CPO i tarmen utan å vere sjuk eller ha plager av det, blir det kalla å vere berar av bakteriar med ESBL eller CPO. Du blir rekna som berar av ESBL eller CPO også viss bakterien først vart oppdaga ved ein infeksjon.

Er det farleg å vere berar av bakteriar med ESBL eller CPO?

Dei fleste som er berarar av bakteriar med ESBL eller CPO får ikkje infeksjon og blir ikkje sjuke av bakteriane.

Om du får ein infeksjon med bakteriar med ESBL eller CPO, kan likevel denne vere vanskelegare å behandle enn andre infeksjonar med bakteriar av same type.

Korleis smittar bakteriar med ESBL og CPO?

Bakteriar med ESBL og CPO finst i tarmen og skilst ut i avføringa. Bakteriane kan komme på hendene etter toalettbesøk eller kontakt med avføring. Derfrå kan dei smitte vidare til andre personar, enten direkte gjennom kontakt eller via gjenstandar og overflater, til dømes dørhandtak eller andre flater som har vorte forureina.

Kva kan eg gjere for å redusere risikoen for å smitte andre?

- Vask hendene grundig med såpe og vatn:
 - før du lagar eller et mat
 - etter toalettbesøk
 - etter kontakt med eigne kroppsvæsker, til dømes sår, urinpose eller kateter
 - når hendene er synleg skitne
 - ved besøk på sjukehus, sjukeheime eller andre helsetenester
- Vask undertøy, handkle og sengetøy på 90°C viss tekstila toler det.
- Vask også handtak på dører, skap og andre flatar som blir ofte berørt når du reingjer heime.

Kan eg gå i barnehagen, på skulen eller jobb om eg er berar av bakteriar med ESBL eller CPO?

Barn som er berarar av bakteriar med ESBL eller CPO kan gå i barnehage eller på skule, og delta i fritidsaktivitetar og leik som vanleg.

Du kan gå på jobb som vanleg sjølv om du er berar av ESBL eller CPO. Hugs å følgje råda som beskrive over for å redusere risiko for å smitte andre.

Kven må eg informere om at eg er berar av bakteriar med ESBL eller CPO?

Informere om at du er berar av bakteriar med ESBL eller CPO når du får helsehjelp, til dømes når du er hos lege eller når du blir lagd inn på sjukehus eller sjukeheim.

Opplysning om at du er berar av bakteriar med ESBL eller CPO blir også registrert i pasientjournalen din. Dette hjelper helsepersonell med å førebyggje spreiding av smitte og velje rett type antibiotika om du får ein infeksjon.

Viss partnaren din eller andre du bur saman med treng helsehjelp, bør dei informere helsetenesta om at dei bur saman med ein person som er berar av bakteriar med ESBL eller CPO.

Du treng ikkje å informere arbeidsgivar, kollegaer, venner, skule eller barnehage om at du er berar av bakteriar med ESBL eller CPO.

Kva skjer om eg blir lagd inn på sjukehus eller sjukeheim?

Om du er berar av bakteriar med ESBL eller CPO kan det vere nødvendig å gjere tiltak når du er innlagd på sjukehus eller sjukeheim for å redusere risiko for at bakterien blir spreidd til andre.

Kva tiltak som er aktuelle avheng av situasjonen. Det kan til dømes vere:

- Eige rom med eige toalett.
- Helsepersonell bruker smittevernutstyr som hanskar og frakk.
- Hyppigare reingjering av rom og utstyr.
- På sjukehus kan det vere nødvendig med isolasjon. Det betyr at du får beskjed om å halde deg på pasientrommet ditt og at du ikkje kan bruke fellesområde eller ha nær kontakt med andre pasientar.

Sjølv om det er behov for smitteverntiltak, har du rett til den same helsehjelpa som andre pasientar.

Kan eg bli kvitt bakteriar med ESBL eller CPO?

Det finst inga behandling som kan gjere at du ikkje lenger er berar av bakteriar med ESBL eller CPO. Hos nokon forsvinn bakteriane av seg sjølve over tid, men det kan ta månader eller år. Kontrollprøver er vanlegvis ikkje nødvendig.

Har du spørsmål om bakteriar med ESBL og CPO kan du snakke med legen din.